



Arbeids- og sosialdepartementet

Dykkar ref.

Vår ref.
14/213-4/FA-U00

Dato:
30.06.2014

Høyring - Et enklere tiltakssystem tilpasset brukernes behov

Forenkling og forbedring er nødvendig, men lat Stortinget ta stilling gjennom ei heilskapleg Stortingsmelding.

Det knyter seg stor uvisse til om endringane som er føreslegne vil gi eit betre tilbod til brukarane/arbeidssøkjjarane, og det er snakk om vesentlege endringar av tilbodet. Det vert heilt feil å gjere så omfattande endringar som ei forskriftsendring.

Selje kommune ber om at statsråden trekkjer høyringsframlegget.

Det er varsla ei heilheitleg Stortingsmelding for dette området til hausten. Det rette vil vere at Stortinget tek stilling til totaltilbodet i ei så viktig sak som gjeld svake einskildbrukarar utan sterke organisasjonar som kan tale deira sak.

Med helsing

Ottar Nygård
ordfører